

Saksprotokoll i Kommunestyret - 15.02.2021

Torunn Laurhammer (AP) la fram kommunedirektøren sitt framlegg til planprogram.

Lars Kåre Katla (PDK) la fram følgjande framlegg slik:

Punkt 2.1 kommuneplanen sin samfunnsdel

Tredje avsnitt: Avsnittet står som no, men med følgjande tillegg: Likevel skal det leggjast til grunn at norsk lov skal gjelde og at kunnskap, kjennskap og nærleik til utfordringane i kommunane skal vera bærande faktor i arbeidet framover til beste for innbyggjarane i Bømlo.

Avsnittet vil då bli slik:

Samfunnsdelen til Bømlo kommune legg til grunn at FN sine bærekraftmål etterkvart skal vera gjennomgåande i planverket i Bømlo kommune. Arealforvaltninga er ein viktig faktor for å kunna nå fleire av desse måla. Likevel skal det leggjast til grunn at Norsk lov skal gjelde og at kunnskap, kjennskap og nærleik til utfordringane i kommunane skal være bærande faktor i arbeidet framover til beste for innbyggjarane i Bømlo.

Punkt 4.11.4 Jordvern

Avsnittet blir utvida med følgjande tekst:

Der matjord og beiter vert råka må tilsvarande areal bli erstatta med ny matjord til same grunneigar.

Matjord er viktig av fleire årsaker, mellom anna beredskap og flaumvern. Jordvernet må stå sterkt, og me vil følgje opp ein nasjonal jordvernstrategi.

Aslaug Skimmeland (H) la fram følgjande endringsframlegg på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker:

Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel for Bømlo kommune 2020-2035 blir i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 fastsett med følgjande endringar:

Kapittel 1.1.Føremålet med planarbeidet

Nytt 2 avsnitt:

Kommuneplanen sin arealdel skal vera eit tydeleg og føreseieleg styringsdokument for innbyggjarane i Bømlo og ha som formål å utnytta arealpotensialet i kommunen til beste for vekst og utvikling i heile kommunen.

Nytt 4 avsnitt:

Ved eventuelle behov for å endre samfunnsdelen under utarbeidelsen av arealdelen, skal endringene følgja vedtatt planstrategi Bømlo Kommune 2021 – 2024.

Kapittel 2.1. Kommuneplanen sin samfunnsdel

Nytt siste avsnitt:

Bømlo kommune sin plan- og arealforvaltning skal ha ein ein aktiv rådgjeving og rettleiing slik at ein kan finna løysingar innafor rammene som kommuneplanen sett.

Kapittel 2.4. Lokale føringar og planar

Tillegg i siste avsnitt:
Reguleringsplan Moster,

Kapittel 3.1. Organisering.

Avsnitt under styringsgruppa tas bort.

Grunna politisk og administrativ omorganisering siste året, kan det være aktuelt å vurdere ei anna samansetning, men vil fortsatt være politisk og administrativt.

Nytt avsnitt tas inn:

Etter vedtatt planprogram skal styringsgruppa ha ein anna samansetting, men skal framleis vera politisk og administrativ. Styringsgruppa skal bestå av 4 folkevalde frå utvalet Areal og samferdsel og blir valt av kommunestyret. Kommunedirektøren peikar ut 3 representantar frå administrasjonen.

Kapittel 4.1. Strandsona

Avsnitt 5 tas ut:

Dette registrerings- og vurderingsarbeidet vil krevja mykje arbeidskapasitet. Kommunen vil vera tilbakehaldne med å opna for nye byggeområde i strandsona i denne rulleringa. Sjå også kapittel 4.5 om bygeområde for naust og småbåtanlegg.

Nytt avsnitt 5/6 /7 og 8 tas inn:

Kartlegging av funksjonell strandsone skal ha som mål å fremja lokal sjølvråderett av bruk og vern i strandsona.

Vidareføring av plankrav for 4 naust i rekkje og 3 fritidsbustader i rekkje i gjeldande kommuneplan skal vurderast politisk som egen førebuande sak. Saken må drøfta positive og uheldige konsekvensar av gjeldande plankrav og foreslå alternativ praktisering. Som alternativ skal ein utgreie om kartlegging av strandsona kan synleggjere kva områder i kart som treng og ikkje treng krav om reguleringsplan.

Temaet strandsone skal ikkje leggest ut på høyring før kartlegging av funksjonell strandsone er ferdig stilt i sin heilheit. Arbeidsgruppa skal kunne behandle både innspel som gjeld kartlagt funksjonell strandsone samt innspel om områder som ikkje er kartlagt. Innspel på nye områder må kartleggjast før dei kan innarbeidast i arealplanen.

Strandsoneforvaltning må sjåast i lys av «Reviderte planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen».

Nytt siste avsnitt tas inn:

Ein bør fremja fellesanlegg i sjø ved sentrumskjernane i lokalsentra som ligg ved sjø.

Flytebrygger skal behandlast administrativt med søknad i områder satt av til naustformål.

Godkjenning av flytebrygger i vedteken reguleringsplan skal ikkje til ny godkjenning i Karmsund hamnevesen.

Kapittel 4.3. Bustadutvikling

Nytt 2 avsnitt tas inn:

Bømlo er ein desentralisert kommunen med livskraftig busetnad og næringsverksemd i nær heile kommunen. Dette er ein kvalitet som over generasjonar har bidrege til at Bømlo er eit variert og livskraftig samfunn. Realiseringa av Bømlopakken bidreg til å forsterka og utvikla god mobilitet i kommunen og er ein svært viktig kvalitet for framtidig utvikling.

Kapittel 4.4 Fritidsbustadutvikling

Avsnitt 1 og 2 tas ut:

Det er eit mål i kommuneplanen sin samfunnsdel at bygging av fritidsbustader skal skje i felt, bort frå strandsona, med eventuelle fellesanlegg til sjø. Attraktive strandområde skal sikrast innbyggjarane. Utbygde, ikkje regulerte områder i tilknytning til sjø, skal kunna sikrast ei tettare og meir omfattande bruk for å sikra skjerming og vern av område der det ikkje er føresett utbygging.

Det blir ikkje opna for innspel for nye område for fritidsbustader til sjø i denne rulleringa.

Nytt avsnitt 1 og 2 tas inn:

Fritidsbustader kan framleis ligge ved sjø. Kartlegging av funksjonell strandsone skal vera kunnskapsgrunnlaget for kvar ein kan plassere fritidsbustader i forhold til nærleik av sjø. Tidlegare regulerte områder, allereie detaljregulerte områder samt områder avsett til dette formålet i gjeldande kommuneplan, skal vidareførast.

Ørvig definisjon og bruk av fritidsbustad blir handsama politisk i eigen førebuande sak – «Tema naust, fritidsbustader og bygging i strandsona»

Kapittel 4.5 Byggeområde for naust og småbåtanlegg

Avsnitt 2 og 3 tas ut:

Før kommunen har fått godkjend byggjegrænse i dei eksisterande naustområda, vil me prioritera bort innspel om nye naustområde som krev ny infrastruktur, eller som ligg i urørt område i denne rulleringa. Dette er fordi kommunen ikkje har kapasitet til å både behandla alle eksisterande naustområde, og samtidig kartleggja, konsekvensutgreia og få godkjenning for nye område.

Dersom kartlegginga av funksjonell strandsone syner ein klår trong for nye naustområde i kommunen vil me revurdera denne haldninga. Det er i alle høve opna for avgrensa utviding av eksisterande naustområde dersom kapasiteten openbart er nådd, om tilhøva ligg til rette for utviding og der det kan påvisast ein rimeleg trong for utviding. Innspela vil vera gjenstand for konsekvensutgreiing før det kan innpassast i planen.

Nytt avsnitt 2 og 3 tas inn:

Innspel på nye naustområdet og utviding av eksisterande naustområdet skal vurderast. Desse innspela vil vera gjenstand for konsekvensutgreiing før det kan innpassast i planen

Søknad om å leggje ut flytebyggje ved ubygd nausttomt skal behandlast administrativt. Det er uheldig at gjeldande kommuneplan krev reguleringsplan for å leggje ut flytebyggje på ubygd nausttomter der det er plass til 4 naust i rekkje. Å leggje ut flytebyggje er eit reversibelt inngrep i strandsona. Ein praksis som legg opp til å byggje naust for å leggje ut flytebyggje legg føringar for unødvendig nedbygging av strandsona.

Kapittel 4.6. Næringsutvikling

Nytt avsnitt 3 og 4 og 5 tas inn:

Arealdelen må vera fleksibel i forhold til næringsutvikling. Det inneberer at fleire områder bør regulerast til fleire formål, som til dømes naust/næring. Det må og vera tilstrekkeleg områder regulert til næring.

Det er ynskeleg med næringsutvikling ved sjø. Arealdelen må ta omsyn til yrkesfiskarar sine behov og andre som har næring til sjø. Det må setjast av områder til landstraum anlegg.

Ein bør bør leggja til rette for egna områder for landbasert akvakulturvirksomheit

Kapittel 4.7. Landbruk- natur- og friluftsområde (LNF)

Nytt avsnitt 2 tas inn:

Ved fastsetting av øvre tak skal tal på bustader teljast etter påbegynt byggjesøknad. Det må vera tilstrekkelege rammer for utbygging i LNF Kan områder.

Kapittel 4.11.4 Jordvern

Nytt avsnitt 2 tas inn:

Kommunen kan vurdere å oppretta eit kommunalt budsjett for bruk og vern av dyrka mark.

Kapittel 4.11.6. Infrastruktur

Første setning i tredje avsnitt tas ut:

Kommunen ønskjer heimel til å krevja kopling til offentleg avløp for fritidsbustader og naust i føresegna til kommuneplanen sin arealdel.

Ny første setning i tredje avsnitt vert sett inn:

Kommunen ønsker at fritidsbustader og naust i hovudsak skal koplust til offentleg avløp der det ligg til rette for dette.

Nytt fjerde avsnitt vert sett inn:

Kommunen vil forsetja å praktisera bruk av rekkjeføljekrav i reguleringsplanar, men dette må praktiseras på ein slik måte at ein ikkje veltar unødvendig stor byrde over på utbyggjar og dermed risikera at ønska utbygging ikkje vert gjennomført.

Kapittel 4.11.7 Trafikktryggleik

Siste setning i andre avsnitt vert tatt ut:

Det er ønskeleg ut frå målsetnader i klima- og energipolitikken å i størst mogleg grad å leggja til rette for gåande og syklende trafikantar.

Siste setning i andre avsnitt vert endra til:

Hovudprioritet må vera trafiksikker skuleveg.

Kapittel 4.11. Arealreservar

Første avsnitt vert tatt ut:

I tråd med ny rettleiar bør det gjerast ei vurdering av om einskilde byggjeområde i urørte område kan tilbakeførast til LNF. Dette gjeld der det er overkapasitet, der arbeidet med reguleringsplan ikkje er starta og der ein i dag har ny kunnskap om området som tilseier at utbygginga vil vera i strid med overordna målsettingar. I strandsona bør det gjerast ei vurdering av om einskilde naust-, bustad- og fritidsbustadområde i strid med strandsoneskriftet bør tilbakeførast til LNF.

Kapittel 6.1. Kunnskapsbehov og – grunnlag

Nytt andre avsnitt under bustadoversyn:

Bustadoversyn må ferdigstillast i sin heilheit før ein tar stilling til vidare bustadstrategi.

Siling av innspel og politisk handsaming skal utførast etter bustadoversyn er ferdig stilt.

Kapittel 6.2. Sortering og siling av innspill

Første setning under strandsone tas ut:

- *Ingen nye område for fritidsbustader til sjø*
- *Fortetting med kvalitet*

Ny setning under strandsone tas inn:

- *Næringsutvikling ved sjø*

Avsnitt Sentrumsnærleik tas ut:

- *Nærleik til handel, service- og tenestetilbod*
- *Nærleik til skule*
- *Nærleik til sosiale møteplassar*

Avsnitt næring tas ut:

- *Næringsareal til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar*
- *Utvikling av kommunale kaiområde og private kaiområde knytt til næring*
- *Fortetting med kvalitet*
- *Potensiale for nye arbeidsplassar, innovasjon og verdiskaping*
- *Nærleik til, og høve til kopling på infrastruktur og vegnett*
- *Redusert transport- og energibehov. Effektivisering. Grøn omstilling*

Avsnitt Andre tas ut:

- *Vere tilpassa landskapet, blant anna i forhold til nær- og fjernverknad*

Morten Helland (KRF) la fram følgjande framlegg slik:

Pkt 1-6 som Høgre sitt forslag. KrF har delvis vore med å formulera og utforma punkta.

Vårt forslag til punkt 7

7. Kapittel 4.4 Fritidsbustadutvikling

Avsnitt 1 endrast til:

I tråd med kommuneplanen sin samfunnsdel bør bygging av fritidsbustader i hovudsak skje i felt, bort frå strandsona, med eventuelle fellesanlegg til sjø. Attraktive strandområde bør sikrast innbyggjarane. Utbygde, ikkje regulerte områder i tilknytning til sjø, skal kunna sikrast ei tettare og meir omfattande bruk for å sikra skjerming og vern av område der det ikkje er føresett utbygging.

Avsnitt 2 vert sletta:

~~*Det blir ikkje opna for innspel for nye område for fritidsbustader til sjø i denne rulleringa.*~~

Nytt avsnitt 2 inn:

Fritidsbustader kan trekkjast ned mot sjø der dette er mest føremålstenleg. Kartlegging av funksjonell strandsone skal vera kunnskapsgrunnlaget for kvar ein kan plassera fritidsbustader i forhold til nærleik av sjø.

Ørvig definisjon og bruk av fritidsbustad blir handsama politisk i eigen førebuaende sak – «Tema naust, fritidsbustader og bygging i strandsona»

Pkt 8-10 som Høgre sitt forslag.

Vårt forslag til punkt 11 (Som Høgre sitt, men utan nytt fjerde avsnitt om rekkefølgekrav):

11. Kapittel 4.11.6. Infrastruktur

Første setning i tredje avsnitt tas ut:

Kommunen ønsker heimel til å krevja kopling til offentleg avløp for fritidsbustader og naust i fjøresegna til kommuneplanen sin arealdel.

Ny første setning i tredje avsnitt vert sett inn:

Kommunen ønsker at fritidsbustader og naust i hovudsak skal koplast til offentleg avløp der det ligg til rette for dette.

Pkt. 12-13 som Høgre sitt forslag

Vårt forslag til punkt 14 (Likt som Høgre sitt bortsett frå under **Avsnitt Sentrumsnærleik**)

14. Kapittel 6.2. Sortering og siling av innspill

Første setning under strandsone tas ut:

- *Ingen nye område for fritidsbustader til sjø*
- *Fortetting med kvalitet*

Ny setning under strandsone tas inn:

- *Næringsutvikling ved sjø*

Avsnitt Sentrumsnærleik:

Første strekpunkt vert endra frå

- *«Innspel som styrkar sentrum (kommunesenter, lokalsetnra)»*

til

- *«Innspel som styrkar dei ulike lokal- og nærsentra i kommunen*

Avsnitt næring tas ut:

- *Næringsareal til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar*
- *Utvikling av kommunale kaiområde og private kaiområde knytt til næring*
- *Fortetting med kvalitet*
- *Potensiale for nye arbeidsplassar, innovasjon og verdiskaping*
- *Nærleik til, og høve til kopling på infrastruktur og vegnett*
- *Redusert transport- og energibehov. Effektivisering. Grøn omstilling*

Avsnitt Andre tas ut:

- *Vere tilpassa landskapet, blant anna i forhold til nær- og fjernverknad*

Lars Gunnar Erslund (KRF) la fram følgjande framlegg slik:

Kapittel 4.11.4 Jordvern

Tillegg til nytt avsnitt tas inn: i dei tilfelle der samfunnsnyttan gjer at dyrka jord vert nedbygd, skal tilsvarande areal dyrkast opp på same eigedom. Dette samsvarar med samfunnsdelen.

Votering:

Det blei først røysta over framlegget frå Torunn Laurhammer (AP). Det vart med åtte røyster ikkje vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 FV)

Deretter vart det røysta kapittel for kapittel over endringsframlegget frå Aslaug Skimmeland (H) mot endringsframlegget frå Morten Helland (KRF) der det var ulike endringar i slik:

Kapittel 1.1 føremålet med planarbeidet

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot sju røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG)

Kapittel 2.1 kommuneplanen sin samfunnsdel

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot sju røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG)

Kapittel 2.4 lokale føringar

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot sju røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG)

Kapittel 3.1 organisering

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot sju røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG)

Kapittel 4.1 Strandsona

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot åtte røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH)

Kapittel 4.3 Bustadutvikling

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot åtte røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH)

Kapittel 4.4 Fritidsbustadutvikling

Framlegget frå Aslaug Skimmeland Huse(H) på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart sett opp mot framlegget frå Morten Helland (KRF). Framlegget frå Aslaug Skimmeland Huse vart mot 13 røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH, 5 KRF)

Kapittel 4.5 Byggeområde for naust og småbåtanlegg

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot åtte røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH)

Kapittel 4.6 Næringsutvikling

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot sju røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG)

Kapittel 4.7 Landbruk, natur og friluftsområde

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot åtte røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH)

Kapittel 4.11 .4 Jordvern

Samrøystes vedteke.

Kapittel 4.11.6 Infrastruktur

Framlegget frå Aslaug Skimmeland Huse(H) på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart sett opp mot framlegget frå Morten Helland (KRF). Framlegget frå Aslaug Skimmeland Huse vart mot 13 røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH, 5 KRF)

Kapittel 4.11.7 Trafikktryggleik

Framlegget frå Aslaug Skimmeland Huse(H) på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart sett opp mot framlegget frå Morten Helland (KRF). Framlegget frå Aslaug Skimmeland Huse vart mot 13 røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH, 5 KRF)

Kapittel 4.11 Arealreservar

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot åtte røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH)

Kapittel 6.1 Kunnskapsbehov og grunnlag

Framlegget frå Aslaug Skimmeland (H) på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart mot sju røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG)

Kapittel 6.2 Sortering og siling av innspel

Framlegget frå Aslaug Skimmeland Huse(H) på vegne av Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet, Partiet De Kristne og Uavhengig Ove Halleraker vart sett opp mot framlegget frå Morten Helland (KRF). Framlegget frå Aslaug Skimmeland Huse vart mot 13 røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH, 5 KRF)

Framlegga frå Lars Kåre Katla (PDK) og framlegget frå Lars Gunnar Ersland (KRF) vart det røysta over kvar for seg slik :

Lars Kåre Katla (PDK) punkt 2.1 kommuneplanen sin samfunnsdel vart mot 13 røyster vedteke. (5 AP, 1 SV, 1 MDG, 1 UAVH, 5 KRF)

Lars Kåre Katla (PDK) punkt 4.11.4 Jordvern vart samrøystes vedteken.

Lars Gunnar Ersland (KRF) punkt 4.11.4 vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde slikt **vedtak**:

Planprogram for rullering av kommuneplanen sin arealdel for Bømlo kommune 2020-2035 blir i samsvar med plan- og bygningslova § 11-13 fastsett med følgjande endringar:

Kapittel 1.1.Føremålet med planarbeidet

Nytt 2 avsnitt:

Kommuneplanen sin arealdel skal vera eit tydeleg og føreseieleg styringsdokument for innbyggjarane i Bømlo og ha som formål å utnytta arealpotensialet i kommunen til beste for vekst og utvikling i heile kommunen.

Nytt 4 avsnitt:

Ved eventuelle behov for å endre samfunnsdelen under utarbeidelsen av arealdelen, skal endringene følgja vedtatt planstrategi Bømlo Kommune 2021 – 2024.

Kapittel 2.1. Kommuneplanen sin samfunnsdel

Nytt siste avsnitt:

Bømlo kommune sin plan- og arealforvaltning skal ha ein aktiv rådgjeving og rettleiing slik at ein kan finna løysingar innafor rammene som kommuneplanen sett.

Kapittel 2.4. Lokale føringar og planar

Tillegg i siste avsnitt:

Reguleringsplan Moster,

Kapittel 3.1. Organisering.

Avsnitt under styringsgruppa tas bort.

Grunna politisk og administrativ omorganisering siste året, kan det være aktuelt å vurdere ei anna samansetning, men vil fortsatt være politisk og administrativt.

Nytt avsnitt tas inn:

Etter vedtatt planprogram skal styringsgruppa ha ein anna samansetting, men skal framleis vera politisk og administrativ. Styringsgruppa skal bestå av 4 folkevalde frå utvalet Areal og samferdsel og blir valt av kommunestyret. Kommunedirektøren peikar ut 3 representantar frå administrasjonen.

Kapittel 4.1. Strandsona

Avsnitt 5 tas ut:

Dette registrerings- og vurderingsarbeidet vil krevja mykje arbeidskapasitet. Kommunen vil vera tilbakehaldne med å opna for nye byggeområde i strandsona i denne rulleringa. Sjå også kapittel 4.5 om byggeområde for naust og småbåtanlegg.

Nytt avsnitt 5/6 /7 og 8 tas inn:

Kartlegging av funksjonell strandsona skal ha som mål å fremja lokal sjølvråderett av bruk og vern i strandsona.

Vidareføring av plankrav for 4 naust i rekkje og 3 fritidsbustader i rekkje i gjeldande kommuneplan skal vurderast politisk som egen førebuande sak. Saken må drøfta positive og uheldige konsekvensar av gjeldande plankrav og foreslå alternativ praktisering. Som alternativ skal ein utgreie om kartlegging av strandsona kan synleggjere kva områder i kart som treng og ikkje treng krav om reguleringsplan.

Temaet strandsone skal ikkje leggst ut på høyring før kartlegging av funksjonell strandsone er ferdig stilt i sin heilheit. Arbeidsgruppa skal kunne behandle både innspel som gjeld kartlagt funksjonell strandsone samt innspel om områder som ikkje er kartlagt. Innspel på nye områder må kartleggjast før dei kan innarbeidast i arealplanen.

Strandsoneforvaltning må sjåast i lys av «Reviderte planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen».

Nytt siste avsnitt tas inn:

Ein bør fremja fellesanlegg i sjø ved sentrumskjernane i lokalsentra som ligg ved sjø.

Flytebrygger skal behandlast administrativt med søknad i områder satt av til naustformål.

Godkjenning av flytebrygger i vedteken reguleringsplan skal ikkje til ny godkjenning i Karmsund hamnevesen.

Kapittel 4.3. Bustadutvikling

Nytt 2 avsnitt tas inn:

Bømlo er ein desentralisert kommunen med livskraftig busetnad og næringsverksemd i nær heile kommunen. Dette er ein kvalitet som over generasjonar har bidrege til at Bømlo er eit variert og livskraftig samfunn. Realiseringa av Bømlopakken bidreg til å forsterka og utvikla god mobilitet i kommunen og er ein svært viktig kvalitet for framtidig utvikling.

Kapittel 4.4 Fritidsbustadutvikling

Avsnitt 1 og 2 tas ut:

Det er eit mål i kommuneplanen sin samfunnsdel at bygging av fritidsbustader skal skje i felt, bort frå strandsona, med eventuelle fellesanlegg til sjø. Attraktive strandområde skal sikrast innbyggjarane. Utbygde, ikkje regulerte områder i tilknytning til sjø, skal kunna sikrast ei tettare og meir omfattande bruk for å sikra skjerming og vern av område der det ikkje er føresett utbygging.

Det blir ikkje opna for innspel for nye område for fritidsbustader til sjø i denne rulleringa.

Nytt avsnitt 1 og 2 tas inn:

Fritidsbustader kan framleis ligge ved sjø. Kartlegging av funksjonell strandsone skal vera kunnskapsgrunnlaget for kvar ein kan plassere fritidsbustader i forhold til nærleik av sjø. Tidlegare regulerte områder, allereie detaljregulerte områder samt områder avsett til dette formålet i gjeldande kommuneplan, skal vidareførast.

Ørvig definisjon og bruk av fritidsbustad blir handsama politisk i eigen førebuaende sak – «Tema naust, fritidsbustader og bygging i strandsona»

Kapittel 4.5 Byggeområde for naust og småbåtanlegg

Avsnitt 2 og 3 tas ut:

Før kommunen har fått godkjend byggjegrænse i dei eksisterande naustområda, vil me prioritera bort innspel om nye naustområde som krev ny infrastruktur, eller som ligg i urørt område i denne rulleringa. Dette er fordi kommunen ikkje har kapasitet til å både behandla alle eksisterande naustområde, og samtidig kartleggja, konsekvensutgreia og få godkjenning for nye område.

Dersom kartlegginga av funksjonell strandsone syner ein klår trong for nye naustområde i kommunen vil me revurdere denne haldninga. Det er i alle høve opna for avgrensa utviding av eksisterande naustområde dersom kapasiteten openbart er nådd, om tilhøva ligg til rette for utviding og der det kan påvisast ein rimeleg trong for utviding. Innspela vil vera gjenstand for konsekvensutgreiing før det kan innpassast i planen.

Nytt avsnitt 2 og 3 tas inn:

Innspel på nye naustområdet og utviding av eksisterande naustområdet skal vurderast. Desse innspela vil vera gjenstand for konsekvensutgreiing før det kan innpassast i planen. Søknad om å leggje ut flytebyggje ved ubygd nausttomt skal behandlast administrativt. Det er uheldig at gjeldande kommuneplan krev reguleringsplan for å leggje ut flytebyggje på ubygd nausttomter der det er plass til 4 naust i rekkje. Å leggje ut flytebyggje er eit reversibelt inngrep i strandsona. Ein praksis som legg opp til å byggje naust for å leggje ut flytebyggje legg føringar for unødvendig nedbygging av strandsona.

Kapittel 4.6. Næringsutvikling

Nytt avsnitt 3 og 4 og 5 tas inn:

Arealdelen må vera fleksibel i forhold til næringsutvikling. Det inneberer at fleire områder bør regulerast til fleire formål, som til dømes naust/næring. Det må og vera tilstrekkeleg områder regulert til næring.

Det er ynskeleg med næringsutvikling ved sjø. Arealdelen må ta omsyn til yrkesfiskarar sine behov og andre som har næring til sjø. Det må setjast av områder til landstraum anlegg.

Ein bør bør leggja til rette for eigna områder for landbasert akvakulturvirksomheit

Kapittel 4.7. Landbruk- natur- og friluftsområde (LNF)

Nytt avsnitt 2 tas inn:

Ved fastsetting av øvre tak skal tal på bustader teljast etter påbegynt byggjesøknad. Det må vera tilstrekkelege rammer for utbygging i LNF Kan områder.

Kapittel 4.11.4 Jordvern

Nytt avsnitt 2 tas inn:

Kommunen kan vurdere å oppretta eit kommunalt budsjett for bruk og vern av dyrka mark.

Kapittel 4.11.6. Infrastruktur

Første setning i tredje avsnitt tas ut:

Kommunen ønskjer heimel til å krevja kopling til offentleg avløp for fritidsbustader og naust i føresegna til kommuneplanen sin arealdel.

Ny første setning i tredje avsnitt vert sett inn:

Kommunen ønsker at fritidsbustader og naust i hovudsak skal koplust til offentleg avløp der det ligg til rette for dette.

Nytt fjerde avsnitt vert sett inn:

Kommunen vil forsetja å praktisera bruk av rekkjeføljekrav i reguleringsplanar, men dette må praktisera på ein slik måte at ein ikkje veltar unødvendig stor byrde over på utbyggjar og dermed risikera at ønska utbygging ikkje vert gjennomført.

Kapittel 4.11.7 Trafikktryggleik

Siste setning i andre avsnitt vert tatt ut:

Det er ønskeleg ut frå målsetnader i klima- og energipolitikken å i størst mogleg grad å leggja til rette for gåande og syklende trafikantar.

Siste setning i andre avsnitt vert endra til:

Hovudprioritet må vera trafikkisikker skuleveg.

Kapittel 4.11. Arealreservar

Første avsnitt vert tatt ut:

I tråd med ny rettleiar bør det gjerast ei vurdering av om einskilde byggjeområde i urørte område kan tilbakeførast til LNF. Dette gjeld der det er overkapasitet, der arbeidet med reguleringsplan ikkje er starta og der ein i dag har ny kunnskap om området som tilseier at utbygginga vil vera i strid med overordna målsettingar. I strandsona bør det gjerast ei vurdering av om einskilde naust-, bustad- og fritidsbustadområde i strid med strandsonekvalitetar bør tilbakeførast til LNF.

Kapittel 6.1. Kunnskapsbehov og – grunnlag

Nytt andre avsnitt under bustadoversyn:

Bustadoversyn må ferdigstillast i sin heilheit før ein tar stilling til vidare bustadstrategi.

Siling av innspel og politisk handsaming skal utførast etter bustadoversyn er ferdig stilt.

Kapittel 6.2. Sortering og siling av innspill

Første setning under strandsona tas ut:

- *Ingen nye område for fritidsbustader til sjø*
- *Fortetting med kvalitet*

Ny setning under strandsona tas inn:

- *Næringsutvikling ved sjø*

Avsnitt Sentrumsnærleik tas ut:

- *Nærleik til handel, service- og tenestetilbod*
- *Nærleik til skule*
- *Nærleik til sosiale møteplassar*

Avsnitt næring tas ut:

- *Næringsareal til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar*
- *Utvikling av kommunale kaiområde og private kaiområde knytt til næring*
- *Fortetting med kvalitet*
- *Potensiale for nye arbeidsplassar, innovasjon og verdiskaping*
- *Nærleik til, og høve til kopling på infrastruktur og vegnett*
- *Redusert transport- og energibehov. Effektivisering. Grøn omstilling*

Avsnitt Andre tas ut:

- *Vere tilpassa landskapet, blant anna i forhold til nær- og fjernverknad*

